

# Tiltaksstrategi nærings og miljøtiltak i skogbruket

Skogkultur



**Prioritering av tilskot og tilskotssatsar**

Skogplanting og ungskogpleie m.m.

**Strand kommune**

**2023-2030**

## **Innholdsliste**

<i>Bakgrunn</i> .....	2
<i>Overordna føringar</i> .....	3
<i>Regelverk og ansvar</i> .....	3
<i>Hovudutfordringar</i> .....	4
<i>Proessen</i> .....	5
<i>Fakta om skogareala</i> .....	5
<i>Aktivitetsoversikt siste 10 år</i> .....	7
<i>Prioriterte tiltak</i> .....	8
<i>Vurdering av behov</i> .....	8
<i>Mål</i> .....	8
<i>Tilskotssatsar</i> .....	8
<i>Strategiar og tiltak</i> .....	10

## **Bakgrunn**

Auka skogproduksjon og oppbygging av kvalitetsskog for størst mogleg klimanytte og verdiskaping er sentrale målsettingar både regionalt og nasjonalt. God tilgang på klimanøytrale byggematerialar, andre trebaserte produkt og råstoff til energiformål frå skogen er sentralt i det grønne skiftet, der næringsverksemd i mykje større grad må baserast på fornybart og klimavenleg råstoff.

For skogbruket føreset dette at ein tek vare på og vidareutviklar råstoffbasen og driv ei berekraftig hausting av skogressursane. Det betyr i praksis å sikre tilsvarende produksjon og kvalitet på framtidsskogen etter hogst (oppfølging av foryngingsplikten) og unngå avskoging.

Desse overordna måla er i tråd med FN's klimapanel sine tilrådingar, og tiltaksstrategien skal støtte opp under disse sentrale og viktige målsetingane.

## Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- *St.meld.nr. 6 «Verdiar i vekst – konkurransedyktig skog- og trenæring» (2016-2017)*
- *Landbruksplan for Sandnes kommune (2015)*
- *Kystskogmeldinga (2015)*
- *Handlingsplan for skogbruket i Rogaland (2009)*
- *Regionalplan energi og klima (2010)*
- *Regionalplan for landbruk i Rogaland (2011)*
- *Regionalt bygdeutviklingsprogram i Rogaland 2013*
- *St. meld. 13 «Klimaplan for 2021-2030» (2020)*

## Regelverk og ansvar

Kommunane er førsteline i oppfølginga av skogområdet. Ansvar er ytterlegare forsterka ved at det er overført fleire oppgåver frå Statsforvaltaren til kommunane gjennom at forvaltning av tilskot til skogsvegar, taubane og drift er overført frå 01.01.2020.

Forvaltningen av dei ulike tilskotsordningar er heimla i «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» herunder utarbeiding av tiltaksstrategien Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for skogkultur – planting og ungskogpleie m.m.

Kommunen har ansvar for saksbehandlinga, rettleiing og informasjon mot skogeigarane. Generelt har kommunen eit ansvar for næringsutvikling og vidareutvikling av skognæringa gjennom motiverings- og mobiliseringsarbeid.

Tiltaksstrategien gjeld for 8 år frå 2023 til -2030, ved større endringar i regelverk vil / kan strategien verte revidert før 2030.

## Hovudutfordringar

Det skjer ein gradvis nedbygging av skogresursane ved at høgproduktive skogareal med kvalitetsskog blir tatt i bruk til andre formål enn skogproduksjon. Dette er ikkje ei berekraftig utvikling for skogbasert verdiskaping/tilgang på klimanøytralt råstoff av god kvalitet, og fører til at usleppa av klimagassar aukar.

I ein sterk jordbruks- og husdyrkommune er det behov for dyrka areal og meir beite. Dette er ein hovudårsaka til avskoging og at gode skogareal blir omdisponert til andre føremål. Framover blir det viktig å sjå på avbøtande tiltak, mellom anna påskoging og gjere grundige vurderingar om det er andre areal som er betre eigna til dyrkingsformål og innmarksbeite enn den beste og mest produktive skogen.

Svake tradisjonar for skogbruk set avgrensingar for aktiviteten på skogområdet. Det er eit stort behov for informasjon og rettleiing ut mot skogeigarane rundt ansvar, plikter, økonomi og gode gulrøter (tilskot, skogfond, skatt m.m.) både før og etter hogst.

Vi ser at mange blir freista til å hogge skogen lenge før den er hogstmoden. Dette er ei stor utfordring som førar til at det økonomiske resultatet til skogeigaren blir kraftig redusert. Rettleiingsmateriell frå Skogkurs rundt økonomisk tap ved tidleg hogst viser at du kan tredoble nettoverdien til skogeigaren med å vente 20 år til skogen er hogstmoden, og ikkje høgge skogen rundt 40-50 år. Dette er ikkje berekraftig hausting og bidreg ikkje til entusiasme og satsing for vidare utvikling av skogeigedomane. For tidleg hogst gjer det også meir utfordrande å få skogeigarane til å forynge/plante etter hogst i tråd med regelverket og foryngingsplikta.

Eigedomsstruktur og eit fragmentert skogbilette gjer at det må etablerast samarbeid om felles vegløysingar for å få rasjonell og kostnadseffektiv drift tilpassa dagens driftsmetodar.

Sterke friluftssinteresser kan vere krevjande for å drive eit aktivt og økonomisk skogbruk, men med god planlegging og omsyn er det mogleg å kombinera begge delar.

## Prosessen


Kommunen har i samarbeid med lokalt skogeigarlag, Bondelag og Bonde- og småbrukarlag vert med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken.

Forslaget er sendt ut på høyring til Statsforvaltaren, lokalt skogeigarlag. Statsforvaltaren har kommentert tilskotssatsane, bør reduserast, vi har redusert nokre satsar, men meiner tida ikkje er inne endå for fleire reduksjonar. Vi har elles tatt inn moment som minimum areal for klimaskog og maks sats ved miljøtiltak i tråd med departementet. Skogeigarlaget har kommentert at ein bør synleggjer at det er tilskot til revidering og eller lage skogbruksplanar, spesielt tenker ein på generasjonsskifte her, der dei får betre kjennskap til kva skog den enkelte har og kva potensiale den enkelte gard har til å utvikle skogsdrifta.

Mindre mindre justeringar er innarbeid, der tilskotssatsen til miljøtiltak knytt til friluftsliv og suppleringsplanting er redusert frå 80% til 70%. Skogbruksplanlegging er teke inn, der ein gjev 50% tilskot ved generasjonsskifte.

NMSK – strategien er handsama og godkjent i formannskapet i sak nr. 006/23, den 02.02.23.

## Fakta om skogareala m.m.



Bonitet angir arealenes produksjonsevne for skog, i hovedsak vurdert som potensiell bonitet for bartre. 30% av total arealet i Strand er produktivskog, av disse produktive skogareala er 40% høg eller svært høg bonitet. Det betyr at det er gode forhold for skogproduksjon, sjølv om topografien/terrenget enkelte plassar set avgrensingar for eit økonomisk skogbruk. Med målretta tiltak og treslag som utnytter markas produksjonsevne kan skogproduksjonen aukast på mange gardsbruk og skogeigedomar.

### Arealklasser frå AR5

	<i>Areal (daa)</i>	<i>%</i>
Fulldyrka jord	13 640	5.8
Overflatedyrka jord	622	0.3
Innmarksbeite	13 518	5.7
Produktiv skog	79 250	33.6
Uproduktiv skog	45 369	19.2
Åpen myr	2 885	1.2
Åpen jorddekt fastmark	10 052	4.3
Åpen skrinns fastmark	59 151	25.1
Bebyggd	8 594	3.6
Samferdsel	2 172	0.9
Snø og isbre	0	0.0
<b>Totalt kartlagt i AR5</b>	<b>235 253</b>	<b>99.8</b>

Kilde: NIBIO, AR5 årsversjon 2020.

## Skogareal fordelt på treslag




Treslag	Barskog	Blandingsskog	Lauvskog	Skog på myr	Totalt (daa)
Svært høy bonitet	817	40	4 675	0	5 531
Høy bonitet	21 466	5 064	19 806	1	46 337
Middels bonitet	10 872	2 948	6 979	0	20 800
Lav bonitet	6 094	407	11	70	6 582
Uproduktiv skog	24 475	3 273	16 824	797	45 369
Uklassifisert skog					0
<b>Dekar totalt</b>	<b>63 723</b>	<b>11 732</b>	<b>48 295</b>	<b>868</b>	<b>124 618</b>

Kilde: NIBIO, AR5 årsversjon 2020

## Aktivitetsoversikt

### Hogst, planting og ungskogpleie Strand kommune 1991 -2020



## Prioriterte tiltak

1. Oppbygging av kvalitetsskog, sikre ny skog etter hogst og oppfølging av plantefelta med ungskogpleie har førsteprioritet.
2. Etablere klimaskog, herav minimum 25 dekar og påskoging/treslagsskifte på gjenngroingsmark som avbøtande tiltak for avskoging/omdisponering av høgproduktiv skog og skogsmark.

## Vurdering av behov

### *Plantebehov*

Det har vært relativt stor hogstaktivitet frå 2008 og fram til 2020 med eit totalt volum på over 63 000 m<sup>3</sup>. Mesteparten av dette er hogst av gran. Eit estimert hogstareal for denne perioden utgjer rundt 1400 daa. Det er planta om lag 700 dekar i same perioden. Det betyr at om lag 50 % av areaet går ut/omdisponeres til, samferdsel, beite og nydyrking, eller ikkje blir følgt opp med aktive foryngingstiltak.

Dei siste 5 åra er det hogd 28 000 m<sup>3</sup>. Det gir eit hogstareal på vel 500 dekar/100 dekar/år. Dersom hogstnivået held seg nokonlunde stabilt og trenden held fram med omdisponering vil det vere eit behov på 50 dekar årleg med planting. Ambisjonen bør vere å kompensere med klimaskog og påskoging/ treslagsskifte for areal som omdisponeres/går ut til andre formål. Ut frå dette estimerast eit behov på 100 dekar planting i året framover for å opprettholde tilgang og skogproduksjon av høg kvalitet.

### *Ungskogpleie*

Statistikk for Strand viser ungskogpleie på 250 dekar som bør gjennomførast innan 2025. Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må inn med minst 2 rundar med ungskogpleie. Ut frå plantestatistikken dei siste 19 åra estimerast ungskogpleiebehovet til rundt 180 dekar i året.

## Mål

På bakgrunn av behovsanalysen, ambisjonsnivå for skogbruket i Strand, set vi følgjande årlege aktivitetsmål:

<b>Planting</b>	<b>100 dekar</b> (Inkludert 25 daa klimaskog)
<b>Ungskogpleie</b>	<b>110 dekar</b>



## Tilskotssatsar

- Treslagskifte etter hogst /rydding av contorta furu 90%
- Klimaskog 90%
- Planting etter hogst av gran/ sitkagran 60 %
- Planting etter furu og lauv 80 %
- Suppleringsplanting 70 %
- Ungskogpleie 80 %
- Markberedning 80%
- Grøfting/ gjødsling/ flaterydding mfl. 60 %
- Skadeforebyggande tiltak 50 %
- Revidering / nye skogbruksplanar 50 %
- Miljøtiltak knytt til friluftsliv m.m. jf forskrift § 6  
forskrift om tilskot til NMSK tiltak i skogbruket max. 75000,-
- Førstegangstynning (furu og lauv) 500 kr/dekar
- Generasjonsskifte ordning ved tilskot for opplæring-  
oppgradering av skogbruksplaner og nye planer 50 %

### Vilkår for tilskot:

1. Rettleiande kostnadsgrenser og maksimalsatsar for skogkulturkostnader utarbeida av statsforvaltaren skal leggjast til grunn for utmåling av støtte.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar.

## Strategiar og tiltak

- Kommune og næringsaktørar må etablera gode rutinar tidleg etter hogst for å sikre oppfølginga av skogkulturen både gjennom skriftleg oppfølging og direkte kontakt. Til dette arbeidet har Strand i samarbeid med Ryfylke kommunane og Statsforvaltaren i Rogaland tilknytta oss skogfagleg kompetanse gjennom Rasmus Hagalid-Stokkeland frå Hjelmeland.
- Arbeide for å få i gong påskoging/treslagsskifte for å kompensere for areal som går ut av skogproduksjon gjennom direkte kontakt mot aktuelle skogeigarar.
- Bruke aktivt dei informasjonskanalane som finst mot målgruppa. Tiltaksstrategien må ligge på nettsidene med oppfordring om at andre relevante aktørar kan linke dette opp på sine heimesider. Bruke nyhetsbrev frå landbrukskontroet ut til bøndene/skogeigarane med relevant info om tilskotsordningane i skogbruket lokalt.
- Arrangera 1 skogdag med skogkultur som tema saman med skogbruksorganisasjonen lokalt, m.fl.
- Arrangera min 1 Aktivt skogbrukskurs per år og skogbruksplankurs for alle med nye skogbruksplanar.
- Informer om dei moglegheitane som finst for finansiering av skogkulturtiltak med tilskot og bruk av skogfond med 85 % skattefordel.